

Planprogram

Områderegulering Olmannsvika

Gbnr.: 7/314 m.fl.
Saknr.: 20/566
Utarbeidd av: Giske kommune
Datert: 07.03.2025

Ansvarlege

Fagkyndig	Firma	Norconsult Norge AS
	Kontaktperson	Grete Valen Blindheim
	E-post	grete.valen.blindheim@norconsult.com
	Telefon	95 15 55 97
Forslagsstillar	Firma	Giske kommune
	Kontaktperson	Åsa Nesheim
	E-post	asa.nesheim@giske.kommune.no
	Telefon	
Heimelshavar	Namn	Giske kommune
	E-post / Telefon	post@giske.kommune.no



Innholdsliste

1	Innleiing	4
	Forslagsstillar og plankonsulent	4
	Bakgrunn for planarbeidet	4
	Kommunen sitt mål med utvikling av Gjøvsund hamn	4
	Formålet med planen	5
	Plantype.....	5
	Vurdering av krav om konsekvensutgreiing.....	6
	Konsekvensutgreiinga som kunnskapsgrunnlag	6
2	Dagens situasjon - planområdet og omgivnadene.....	7
	Planavgrensing og lokalisering	7
	Eigarforhold.....	8
	Dagens arealbruk.....	8
	Tilkomst	9
	Landskap.....	9
	Friluftsliv	10
	Kulturmiljø.....	10
	Naturmangfald	11
	Vassmiljø	11
3	Rammer og premisar for planarbeidet	14
	Lover og forskrifter.....	14
	Overordna føringar og statlege retningslinjer	15
	Regionale føringar	16
	Kommunale planar	17
	Forholdet til kommuneplanen sin arealdel (KPA)	17
	Tilgrensande reguleringsplanar.....	18
	Andre kommunale planar.....	19
4	Skildring av tiltaket og alternativ	20
	Aktuell arealbruk/ arealformål for alternativa.....	21
5	Utgreiingsbehov og plantema	22
	Metode	22
	Influensområde	23

Oppsummering av utgreiingstema.....	23
Utgreiingstema	24
Naturmangfald	24
Vassmiljø	25
Kulturmiljø.....	25
Friluftsliv og nærmiljø	26
Landskap.....	26
Klimagassutslepp.....	27
Tema det blir utarbeidd fagrapportar for	27
Samfunnsmessige verknadar – lokal og regional utvikling	27
Områdestabilitet	27
Bølgjepåverknad og havnivåstigning.....	28
Trafikk.....	28
Tema der verknadar av regulert alternativ vil framkomme av planomtale	28
Støy.....	28
Luftforureining	28
Grunnforureining.....	29
Folkehelse.....	29
Barns og unges interesser	29
Universell utforming.....	29
Teknisk infrastruktur	29
Samfunnssikkerheit – risiko og sårbarheit	29
6 Vidare framdrift og medverknad.....	30
Saksgang	30
Framdrift.....	30
Medverknad	31

1 Innleiing

Forslagsstillar og plankonsulent

Giske kommune ønskjer å utvikle Gjørund hamn, gjennom å etablere næringsareal i Olmannsvika i samsvar med kommuneplanens arealdel.

Forslagsstillar for områderegulering av Olmannsvika er Giske kommune. Norconsult Norge AS er engasjert som plankonsulent.

Bakgrunn for planarbeidet

Olmannsvika grensar til regulert og opparbeid næringsareal i sør; utfylt i samband med utdjuping av Gjørund hamn i 2022.

For Olmannsvika stiller kommuneplanen sin arealdel krav til reguleringsplan før utfylling eller andre byggetiltak kan skje. Giske gav i september 2021 seg sjølv dispensasjon frå plankravet, slik at det kunne etablerast ein sjeté i Olmannsvika. Dispensasjonsvedtaket blei påklaga, og i februar 2022 oppheva statsforvaltaren i Møre og Romsdal vedtaket.

Arbeidet med sjetéen blei utført og avslutta før statsforvaltaren fatta sitt vedtak. Dagens situasjon er dermed at det er etablert ein sjeté innanfor planområdet, men at vidare bruk av Olmannsvika må avklarast gjennom ein reguleringsplan.

Oppstart av reguleringsarbeid blei varsla i juni 2022.

Samtidig med oppstartsvarselet blei eit forslag til planprogram sendt ut på høyring. Dette dokumentet er ei revidert utgåve av planprogrammet, og skildrar vidare planprosess og utgreiingskrav for reguleringsplanen.

Kommunen sitt mål med utvikling av Gjørund hamn

I samfunnsdelen til kommuneplanen er det vedtatt følgjande mål:

Utvikle Gjørundneset industriområde som nasjonal fiskerihamn til eit moderne og attraktivt næringsområde for etablering av nye verksemder innan fiskeri, havbruk og annan relevant industri. Utviklinga skal skje i tråd med berekraftsmåla, med vekt på innovasjon og framtidige energiberarar.

Giske kommune er ein av landets største fiskerikommunar, og fiskerinæringa i kommunen inkluderer blant anna fiskeri, reiarlag, fiskeriforedling samt mekanisk industri som leverer til fiske.

Gjennom kommunalt nærings- og utviklingsarbeid, og reguleringsarbeid, har fiskerinæringa uttrykt både interesse og behov for eit hamneområde med tilstrekkeleg djupne samt tilstrekkeleg landareal til ei felles lokalisering / næringsklynge. Samlokalisering gir også forutsetning for å etablere fellesfunksjonar som fryselager, utrustning, mannskapshotell,

samløkalisering av redarkontor, merkantile funksjonar m.m. Gjøvsund hamn og næringspark er kommunen og fiskerinæringa sitt svar på dette behovet.

I dag er berre eit fåtal av reiarlaga som er heimehøyrande i Giske lokalisert i kommunen. Tilgang på tilstrekkeleg produksjonsareal med direkte tilgang til hamne-/ kaiareal for inn – og utskipping av råstoff / ferdigprodukt vil være ein heilt avgjerande føresetnad for å kunne utvikle Gjøvsund hamn slik næringa og kommunen ønsker. Kommunen sitt ønske er også forankra i kommuneplanens samfunnsdel samt arealdel, og Gjøvsund hamn og næringsområde er den største næringsmessige satsinga i sjømatkommunen Giske.

Gjøvsund hamn og næringspark har stort potensiale til å bli både ei regional,- nasjonal og like til ei internasjonal fiskerihamn. Etablering vil gi positive ringverknader i form av økt verdiskaping og nye arbeidsplassar med transport av fisk til Norge og Europa. Gjøvsund blir ein ny grøn maritim transportkorridor, kor ein flyttar gods frå veg til sjø. Gjøvsund hamn vil gi meir verdiskaping, grønare transport og tettare samarbeid. I næringsanalyse «Grønt industriløft Møre og Romsdal» er Gjøvsund hamn identifisert som ein av åtte sirkulære hubbar med størst potensiale av Møre og Romsdal fylkeskommune og innovasjon Norge, og dette syner igjen potensiale som ligg til området.

Olmanssvika er sentralt plassert i forhold til hamneområdet og vil vere avgjerande for å oppnå mest mogleg rasjonell bruk og utnytting av hamneområdet i sin heilheit. Det gir eit samanhengande næringsområde med direkte tilgang på sjøvegs transport, utan at ein treng å nytte seg av den allereie svært trafikkerte riksvegen. Kommunen visjon er allereie forankra i kommuneplanens samfunnsdel samt arealdel, og ei områderegulering er no avgjerande for å kunne utvikle Gjøvsund hamne og næringsområde til det potensiale som allereie ligg der.

Formålet med planen

Hensikten med planen er å klargjere Olmanssvika for opparbeiding av næringsareal. Kommunen har som mål at alt areal innanfor næringsformålet i kommuneplanen sin arealdel skal kunne fyllast ut og opparbeidast til dette formålet.

Sjetéen blei etablert i samband med ei utdjuping av Gjøvsund hamn, og er plassert eit stykke inne på næringsarealet i kommuneplanen. Denne plasseringa var først og fremst motivert ut frå behov og kostnadsramme i utdjupingsprosjektet, og er ikkje uttrykk for noko ønska avgrensing av næringsarealet frå kommunen si side.

Plantype

Reguleringsplanen blir utarbeidd som ein områdeplan, jf. PBL § 12-2, og vil ikkje gå i detalj på korleis arealet på fyllinga skal byggast ut. Det er lagt til grunn at føresegnene til områdeplanen vil stille krav om detaljregulering før utbygging kan skje.

Vurdering av krav om konsekvensutgreiing

I følgje forskrift om konsekvensutgreiingar § 6a skal områdereguleringsplanar som omfattar rammer for tiltak i vedlegg I og II til forskrifta alltid konsekvensutgreiast og ha planprogram. Det planlagde tiltaket fell inn under følgjande punkt i vedlegg I og II:

Vedlegg I:

- Nr 24: Næringsbygg, bygg for offentlig eller privat tjenesteyting og bygg til allmennyttige formål med et bruksareal på mer enn 15 000 m².

Vedlegg II:

- Nr. 10 k) Bygging av erosjonsforebyggende kystanlegg og vannbygging til sjøs som kan medføre endringer av kysten, f.eks. diker, moloer, sjeteer og andre bygg til vern mot havet, bortsett fra vedlikehold og gjenoppbygging av slike anlegg.
- Nr 11. k): Deponier for masse på land og i sjø større enn 50 dekar eller 50 000 m³ masse.

På grunn av dette utløyer områdereguleringsplanen for Olmannsvika krav om konsekvensutgreiing med planprogram.

Konsekvensutgreiinga som kunnskapsgrunnlag

Konsekvensutgreiinga skal belyse verknaden som dei ulike utfyllingsalternativa omtalt i kapittel 4 vil få for miljø og samfunn, og vil utgjere eit kunnskapsgrunnlag for reguleringsplanen.

I samsvar med KU-forskrifta §17 skal det utarbeidast eit ikkje-teknisk samandrag av konsekvensutgreiinga. Samanstillinga skal utførast av fagkyndig, og skal vere kortfatta og presentere det som er vurdert å vere avgjerdsrelevant. Nyten av planen skal ikkje omfattast av samandraget, og utgreiingstemaet samfunnsmessige verknadar vil derfor ikkje inngå i samanstillinga. Samanstillinga skal vise:

- Verdier og dei viktigaste utfordringane innanfor planområdet
- Påverknaden som planen eller tiltaket vil medføre
- Konsekvens av tiltaket for ulike fagtema
- Usikkerheit knytt til utgreiinga
- Presentasjon av konsekvens og rangering av alternativ

Samanstillinga vil saman med vurdering av dei samfunnsmessige verknadane bli lagt fram for teknisk utval, som på dette grunnlaget gjer eit val om kva for alternativ som skal leggest til grunn for reguleringsplanen.

Eit forslag til reguleringsplan med plankart, føresegner, planomtale og ROS-analyse blir utarbeidd med utgangspunkt i det valde alternativet, og lagt ut til offentleg ettersyn.

Etter offentleg ettersyn blir eventuelle justeringar og endringar av planen innarbeidde, før planen kan vedtakast i kommunestyret.

2 Dagens situasjon - planområdet og omgivnadene


Planavgrensing og lokalisering

Planområdet er lokalisert i Olmannsvika lengst sør på Vigra, aust for riksveg 658 Nørestranda. Området er om lag 108 dekar stort, der størstedelen er sjøareal.

Plangrenser er sett i samsvar med formålsgrenser i kommuneplanen sin arealdel og tilgrensande reguleringsplan. Planområdet grensar mot dyrka mark i nord, mot sjø i aust, mot utfylt næringsareal i sør, og mot sørvest følger plangrensa traseen for spolebasen på Vigra.



Figur 1. Planområdet er lokalisert i sørleg del av Vigra, markert med lilla farge på kartet.



Figur 2. Planavgrensing og tilgrensande eigedomar.

Eigarforhold

Arealet som det skal utarbeidast reguleringsplan for omfattar i hovudsak eigedomen 7/314, som er eigd av Giske kommune. I tillegg inngår ein mindre del av landbrukseigedomen 7/1 lengst nord. Denne eigedomen er i privat eige.

Dagens arealbruk

Planområdet er ikkje utbygd, med unntak av den etablerte sjetéen. Størstedelen av planen er i dag sjøareal. Ein mindre del er dyrka mark som blir nytta til golfbane, og som inngår i eit større golfbaneområdet mot vest. Området er registrert som eit viktig område for friluftsliv, og har blitt nytta som utgangspunkt for vindsurfing og kiting fram til sjetéen blei etablert.

Nordsida av Gjøsdneset, sør for planområdet, består i stor grad av utfylt næringsareal som ikkje er utbygd. Dette utfylte arealet heng saman med etablert næringsareal langs Gjøsdnet, og utgjer til saman næringsområdet Gjøsd Hamn. Traseen for spolebasen, som går langs sørvestleg plangrense, endar opp i ei djupvasskai yst på Gjøsdneset.



Figur 3. Eksisterande situasjon og arealbruk.


Tilkomst

Planområdet har ikkje køyrbar tilkomst i dag. Framtidig tilkomstveg må skje via den kommunale vegen Gjø Sundneset, som er kopla på riksveg 658 vest for planområdet.

Landskap

Planområdet ligg innanfor landskapstypen «svært bølgeeksponert kystslettelandskap på ytre kyst». Denne landskapstypen omfattar øyer, holmar og skjer og eksponerte fastlandsområde på ytre kystslette, med tilhøyrande grunne marine område. Områda er eksponert mot bølger og vind frå opent hav.

Planområdet er flatt, og har høgder mellom 0 og 4 moh. (NN2000) og djupne på ned til -6-7 m (referansenivå LAT). Landskapet i og rundt planområdet består i hovudsak av store opne flater som sjøflate, strandsoner, landbruksareal, golfbane og utfylt industriområde. Området har i tillegg fleire utbygde areal. Det er etablert ein granhekk som leplanting langs delar av strandsona innanfor planområdet. I nærområdet finst det fleire tilsvarande granplantingar.



Figur 4. Vegsystem i området. Gul linje viser riksveg 658, blå linjer viser kommunale vegar, og rosa linjer viser private vegar. Planområdet vil få tilkomst frå den kommunale vegen Gjø Sundneset.



Figur 5. Olmannsvika sett mot sør, før sjetéen blei etablert.

Friluftsliv

Golfbana på Gjøvsund er kartlagt som eit viktig friluftsområde i miljødirektoratet sin Naturbase.

Desse registreringane samsvarar med ei kartlegging av friluftsområde, datert 16.01.2016, utført av Giske kommune. Her er det ved Olmannsvika registrert to område med verdi B, dvs. viktige friluftsområde: Olmanneset med tilhøyrande strandsoner og sjøområde, og Gjøvsund golfbane:



Figur 6. Utsnitt av kommunen si kartlegging av friluftsområde.

ID	Områdenamn	Områdetype	Verdi	Brukarfrekvens	Omtale
324	Olmanneset	Strandsone	B - viktig	Ganske stor	Utgangspunkt for vindsurfing og kiting
325	Gjøvsund golf	Andre friluftsområde	B - viktig	Ganske stor	Golfbane. Industri i delar av området.


Området i strandsona har blitt nytta som friluftsområde med badeplass både av dei som bur der, og av vassportsmiljøet i Ålesundregionen. Strandsona i Olmannsvika er også samlingsstad for det lokale grendelaget, med årleg sankthansfeiring. Etter at sjetéen har blitt lagt ut er det opplyst i merknadar frå naboar og Ålesund kiteklubb at kvalitetane som friluftsområde og arena for vass-sport er kraftig forringa.

Kulturmiljø

Gjøvsundneset omfattar fleire kjende fornminne, både langs plangrensa i vest og like utanfor planområdet. Eitt av fornminna er ei gravrøys.

Det er gjennomført arkeologiske registreringar for planområdet, av Møre og Romsdal fylkeskommune. Undersøkingane er avslutta, men rapport er førebels ikkje ferdigstilt.

Retten vest for planområdet ligg det tun med SEFRAK-registrerte bygg. Også på gardstunet nord for planområdet ligg eit SEFTAK-registrert bygg.



Figur 7. Illustrasjonen viser kjende kulturminne og SEFRAK-registrerte bygg nær planområdet. Henta frå www.qislink.no

Naturmangfald

I 2019 blei sjøarealet i Olmannsvika registrert som naturtype blautbotnområde i strandsona med verdi svært viktig. Området med denne naturtypen strekk seg frå Rognodden til Gjøsdneset.

Utanfor og til dels overlappande med blautbotnområdet ligg eit område med tareskog av stortare, registrert som viktig ([Naturbase faktaark](#)).

I samband med gjennomføring av ei miljøteknisk sedimentundersøking av sjøbotnen i Olmannsvika (Norconsult, 2019) er det gjort funn av naturtypen ålegraseng og arten tobis, sjå figur 9. Begge har nasjonal forvaltningsinteresse.


Giske kommune vedtok ein kommunedelplan for naturmangfald i 2018. Her inngår Olmannsvika i ei omsynssone for naturtypen israndavsetningar. Denne naturtypen inkluderer endemorener, sidemorener og breelvavsetningar. Den er sett på som ein viktig naturtype, samtidig som den representerer framtidige ressursar for sand og grus.




Figur 8. Utstrekning av naturtypane blautbotnområde og tareskog. Kjelde: Naturbase.

Vassmiljø

Olmannsvika er ein del av vassførekomsten Vigrafjorden. Vigrafjorden har god økologisk tilstand (høg presisjon) og god kjemisk tilstand (lav presisjon). Det er etablert to akvakulturlokalitetar i sjøen i nærleiken av planområdet; Røysa og Oksebåsen.



Figur 9. Figuren viser område det er registrert tobis (blå stjerner) og ålegras (raude stjerner).



Figur 10. Akvalokalitetane Røysa og Oksebåsen ligg i nærleiken av planområdet.



Figur 9. Strandsona i Olmannsvika når det er flo (øvt) og fjøre sjø (nedst).



Figur 10: Viser sjøarealet i planområdet når det er flo (bileta er tatt ca. klokka 13.30 den 03.05.22)



Figur 11: Viser sjøarealet i planområdet når det er fjøre sjø (bileta er tatt ca. klokka 16 den 26.04.2022)

3 Rammer og premisser for planarbeidet

Dette kapitlet omtalar lover, forskrifter, planar og andre føringar som er særleg relevante for planarbeidet.

Lover og forskrifter

Lov om planlegging og byggesaksbehandling (Plan- og bygningslova)

Tiltaket blir planlagt med heimel i plan- og bygningslova (pbl). Planprogrammet er utarbeidd i samsvar med pbl § 4-1 og forskrift om konsekvensutgreiingar § 14.

Lov om forvaltning av naturens mangfold (Naturmangfaldlova)

Lova fastset krav og mål for ivaretaking av naturtypar og artar, og omhandlar prinsipp for offentleg avgjerd som skal leggest til grunn for all arealplanlegging. Planen skal vurderast i samsvar med dei miljørettslege prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8-12.

Lov om kulturminner (Kulturminnelova)

Kulturminne og kulturmiljø med deira eigenart og variasjon skal vernast både som del av vår kulturarv og identitet, og som ledd i ei heilskapleg miljø- og ressursforvaltning. For inngrep i automatisk freda kulturminne er det krav om dispensasjon etter kulturminnelova § 8.

Lov om vern mot forurensningar og om avfall (Forureiningslova)

Forureiningslova har som formål å verne det ytre miljø mot forureining, redusere eksisterande forureining, redusere mengde avfall og fremje ei betre avfallshandtering.

Forskrift om konsekvensutredningar

Formålet med forskrifta er å sikre at omsynet til miljø og samfunn blir vurdert under førebuing av planar og tiltak, og at det blir tatt stilling til om og på kva vilkår planer eller tiltak kan gjennomførast.

Forskrift om rammer for vannforvaltningen (Vassforskrifta)

Formålet med vassforskrifta er å gi rammer for fastsetting av miljømål, som skal sikre eit mest mogleg heilskapleg vern og berekraftig bruk av vassførekomstane.

Lov om folkehelsearbeid (Folkehelseloven)

Formålet med denne lova er å bidra til ei samfunnsutvikling som fremjar folkehelse, og jamnar ut sosiale helseforskjellar. Folkehelsearbeidet skal fremje befolkninga si helse, trivsel, gode sosiale og miljømessige forhold og bidra til å forebygge psykisk og somatisk sjukdom, skade eller lidning.

Overordna føringar og statlege retningslinjer

FNs berekraftsmål

FNs berekraftsmål er verda sin felles arbeidsplan for å imøtekomme dagens behov utan å øydelegge moglegheitene for at komande generasjonar skal få dekkja sine behov.

Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023–2027

Desse skal følgjast opp i regionalt og kommunalt planarbeid, og blir lagt til grunn for statlege myndigheiter sin medverknad i planlegginga. Viktige tema er reduserte klimagassutslepp, ansvarleg forbruk, ressursbruk, bevaring av naturmangfald og mindre ulikskap.

Statlige planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing (2018)

Planretningslinjene skal sikre at arbeidet med å redusere klimagassutslepp blir prioritert, og bidra til at klimatilpassing blir ivaretatt i planlegging etter plan- og bygningsloven. Vidare skal retningslinjene bidra til avveging og samordning når utsleppsreduksjon og klimatilpassing råkar eller kjem i konflikt med andre omsyn eller interesser.

Rikspolitiske retningslinjer for barn og planlegging (1995)

Retningslinja stiller krav om at barn og unge sine interesser skal ivaretakast i plan- og byggesaksbehandlinga etter pbl. Det blir stilt krav til fysisk utforming, slik at barn og unge skal vere sikra mot forureining, støy, trafikkfare og annan helsefare.

Statlige planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen (2021)

Retningslinjene skal mellom anna bidra til at det blir tatt særleg omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser i strandsona.

Retningslinje for behandling av luftkvalitet i arealplanlegging (T-1520/2012)

Retningslinja er statlege tilrådingar om korleis luftkvalitet bør handterast i kommunane si arealplanlegging. Formålet med retningslinja er å avgrense negative helseeffektar av luftforureining gjennom god arealplanlegging.

Retningslinjer for behandling av støy i arealplanlegginga (T1442/2021)

Skal leggjast til grunn ved planlegging og behandling av enkeltsaker etter pbl. Gir tilråding om grenseverdiar for støynivå utandørs, på fasade og på uteopphaldsareal for støyfølsam utbygging. Retningslinja gir også kvalitetskriterium for planlegging av ny støyfølsam utbygging og planlegging av støyande anlegg og verksemd.

Regionale føringar

Fylkesplan for Møre og Romsdal 2025-2028 (2024)

Fylkesplanen er den overordna planen for samfunnsutvikling i Møre og Romsdal. Planen definerer fire langsiktige utviklingsmål, som omfattar

- Reduksjon av klimagassutsleppa i tråd med nasjonale mål.
- Ei arealforvaltning på land og sjø som samordnar samfunnsinteresser og oppfyller behovet for berekraftig verdiskaping og ivaretaking av natur, dyrka mark og vasskvalitet.
- Eit mangfald av viktige kulturmiljø skal takast vare på og bli sett som ressurs i verdiskaping, klimaomstilling og sirkulærøkonomi.
- Fremme utviklinga av ein grøn sirkulær økonomi, med høg grad av gjenbruk og god avfallshandtering.

PAKT- plan for areal, klima og transport i Ålesundregionen (2022)

PAKT er vedtatt både som ein interkommunal plan for Ålesund, Sula og Giske, og som ein regional plan i Møre og Romsdal fylkeskommune. PAKT definerer mål og strategiar for den framtidige utviklinga i regionen, vurderer kvar veksten bør kome og korleis transport-systemet best kan binde ulike område saman.

I PAKT er det peika på at næringsområde og godsterminalar bør samlast i avgrensa knutepunkt, slik at samordning og samlasting av gods blir mogleg, og grunnlaget for etablering av utsleppsfrie løysingar blir styrka. Gjøsund hamn er trekt fram som eit slikt område.

Fylkesstrategi for klima miljø og energi 2023-2026 (2023)

Strategien skal bidra til å følge opp globale, nasjonale og regionale mål for klimagassutslepp og klimatilpassing, bevaring av naturmangfald og grøn omstilling. Heilskapleg planlegging og omstilling til eit samfunn med redusert behovet for transport av varer og menneske, og som medverkar til eit miljøvennleg transportsystem er mellom tilnærmingane som er trekt fram i strategien.


Kommunale planar

Forholdet til kommuneplanen sin arealdel (KPA)

Arealet som skal regulerast er sett av til næringsformål i kommuneplanens arealdel. Sjetéen ligg innanfor grensene til næringsområdet, slik det er vist på figur 14.

For næringsareal er det sett følgjande krav:

- Omfattar næringsverksemd med tilhøyrande tekniske anlegg, parkering, veg og anna felles areal.
- Krav til vegetasjons-skjerm med minimum breidde 8 m mot landbruk, busetnad og turområde.
- Maks BYA =80 %.



Figur 12. Utsnitt av kommuneplanens arealdel med markering av planområdet. Arealformål i kommuneplanen innanfor planområdet er næring.

Planområdet ligg innanfor Sikringszone med høgderestriksjonar kring Ålesund lufthavn, Vigra (H_190_3).

I nord grensar planområdet til LNF-område med omsynssone for landbruk (H_510_5), og til sjøområde for natur-, ferdsel,- fiske- og friluftsliv.

Mot aust grensar planområdet til sjøområde for ferdsel. Hovud- og biled går forbi området i nord- sør-retning.


Planområdet omfattar to registrerte friluftsområde med verdi B i kommunen si kartlegging datert 16.01.2016; Olmanneset med tilhøyrande strandsone og sjøområde, og Gjørund golfbane.

I føresegnene til KPA kap. 2.21 går det fram at friluftskartlegginga skal vurderast/leggast ved utarbeiding av reguleringsplanar. Det skal gjerast greie for korleis friluftslivsinteressene blir råka, kva som er vurdert og kva som er prioritert ved val av løysingar. For område med verdi B heiter det: «dei bør få sterk sikring og må vurderast i plansamanheng. Det bør avsettast ei omsynssone rundt desse slik at friluftslivsinteressene ikkje vert forringa ved framtidig arealomdisponering. Ved inngrep skal avbøtande tiltak utførast.»

Tilgrensande reguleringsplanar

Planområdet er ikkje tidlegare regulert.

Mot sørvest grensar planområdet til regulert område **Gjøsend del 1 – Subsea7**, vedtatt 27.03.2007. I det aktuelle området omfattar planen areal til spolebasetrase i ei breidde på ca. 30 m. Spolebasetraseen skil området det no blir varsla oppstart for og eksisterande bustadområde. Bustadområdet er del av reguleringsplan **Gjøsend del 2**, vedtatt 19.10.2010.



Figur 13: Planområdet med tilgrensande reguleringsplanar

Mot sør grensar planområdet til område IL_11 i reguleringsplanen **Gjøsend næring** vedtatt 17.03.2016. For IL_11 opnar føresegnene for utbygging med industri/lager. Maksimal utnyttingsgrad er sett til 80% BYA. Maksimal gesims er sett til kote 17, maksimal mønehøgde til kote 19 m. Det er sett krav om at det i samband med tomtedeling og utbygging skal sikrast aksar utan/med låge bygg, for å sikre utsyn til sjøen for busetnad nordvest for planområdet.

Området IL_11 blei utfylt i samband med utdjuping av Gjøsend hamn.

Andre kommunale planar

Strategisk næringsplan 2016-2025 (2016)

I kommunen sin strategiske næringsplan er det ei målsetting å etablere Giske kommune som nasjonalt sjøbasert logistikk-knutepunkt, som ivaretar gjeldande og framtidige klima- og miljømål.

For å nå dette målet skal Gjøvsundet utviklast til ei nasjonal fiskeri- og industrihamn, med tilrettelegging for at eit cluster av tenestenæringar knytt til hamneområdet kan etablere seg.



Figur 14: Utklipp frå film om Gjøvsund næringsareal (<https://www.youtube.com/watch?v=JA5HWdJF2ac>)


Kommunedelplan for naturmangfald (2018)

Naturmangfaldsplanen synleggjer viktige område med naturtypar og artar som krev særskilt behandling. Kommunedelplan for naturmangfald skal vere eit verktøy for å forvalte og nytte areala i kommunen på ein berekraftig måte.

Olmanssvika inngår her i omsynssone H560_Israndavsetningar 5. Om israndavsetningar står det følgjande i planen:

Israndavsetningar er sett på som ein viktig naturtype, samtidig som dei representerer framtidige ressursar for sand og grus. Israndavsetningar inkluderer endemorener, sidemorener og breelvavsetningar. På grunn av landheving etter siste istid, er fleire israndavsetningar no tørt land, men det finst også i mange fjordar. Det vert registrert mange stader med israndavsetningar i Møre og Romsdal.

I vårt nærområdet finn vi israndavsetningar i rundt øyane nord for Ålesund. Biologisk mangfald på israndavsetning er dårleg kartlagt. På grunn av andre faktorar i omgjevnadane, er det store variasjonar i flora og fauna der israndavsetningar oppstår.



Figur 15. Utsnitt av plankartet til naturmangfaldsplanen. Lokalisering av planområdet er merka med svart ring.

4 Skildring av tiltaket og alternativ

Det planlagde tiltaket inneber utfylling i sjø og etablering av næringsareal i Olmannsvika, i samsvar med kommuneplanen sin arealdel (KPA). Det aktuelle arealet er om lag 108 daa stort, der lag 85 daa er sjøareal. Om lag 60 daa av dette sjøarealet er innramma av ein sjeté.

Nullalternativet - dagens situasjon

Nullalternativet er samanlikningsgrunnlaget for konsekvensutgreiinga. I følgje M-1941 skal nullalternativet omfatte ei skildring av noverande miljøtilstand. Alternativet inneber å behalde dagens situasjon med den etablerte sjetéen, og ikkje gjere ytterlegare utfylling i planområdet.

Alternativ 1 - utfylling fram til formålsgrensa i KPA


Alternativet inneber utfylling og etablering av næringsareal i samsvar maksimal formålsgrense i kommuneplanen, tilsvarande utfylling av om lag 85 daa sjøareal. Dette alternativet er i samsvar med kommunen sitt mål for planarbeidet.

Alternativ 2 – utfylling innanfor sjetéen


Alternativet inneber utfylling og opparbeiding av arealet som ligg innanfor den etablerte sjetéen. Dette alternativet gir utfylling av om lag 60 daa sjøareal.

Alternativ 3 - Tilbakeføring til opphavelg situasjon


Det ligg ikkje føre godkjend løyve for etablering av sjeté, og denne er å sjå som ulovleg bygd. Alternativet inneber fjerning av sjetéen og tilbakeføring av området til situasjonen før sjetéen blei bygd. I følgje rettleiaren M-1941 skal tiltak som viser ei utbetring av dagens miljøsituasjon, behandlast som eige alternativ.




Figur 18. Nullalternativet: Tilsvarer dagens situasjon, utan vidare utfylling eller etablering av nytt næringsareal.



Figur 19. Alternativ 1: Full utfylling og opparbeiding i tråd med KPA.



Figur 20. Alternativ 2: Utfylling og opparbeiding av arealet innanfor sjetéen.



Figur 21. Alternativ 3: Tilbakeføring til opphavelg situasjon før sjetéen blei etablert.

Aktuell arealbruk/ arealformål for alternativene

Aktuell arealbruk er eit viktig grunnlag for vurdering av verknaden alternativene vil ha på miljø og samfunn.

Områdeplanen må som eit minimum fastsette byggegrenser, maksimale byggehøgder og maksimal utnyttingsgrad for byggeareal. Det blir tatt utgangspunkt i maksimal utnytting i samsvar med KPA, dvs. BYA=80%. KPA fastset ikkje byggehøgder, og det blir derfor tatt utgangspunkt i maksimale byggehøgder i tilgrensande reguleringsplan Gjøvsund næring. Dette inneber maksimal gesimshøgde kote 17 og maksimal mønehøgde til kote 19 m, samt ivaretaking av siktaksar til sjøen for bustadområdet på Gjøvsundneset.

Arealet nærast riksveg 658 ligg som næringsareal i KPA. Sidan direkte avkjørsel til riksvegen ikkje er aktuelt, er sannsynleg arealbruk i dette området vurdert å vere landbruksareal, som i dag. For det øvrige arealet er det gjort ei prinsipiell vurdering av kva arealbruk som vil vere aktuell for dei ulike alternativene, med utgangspunkt i arealformål i plan- og bygningslova §12-5.

Nullalternativet

Aktuell arealbruk tilsvarer dagens arealbruk, dvs., naturområde på land, naturområde i sjø for sjøarealet og arealformålet molo for sjetéen.

Alternativ 1


Aktuell arealbruk er næringsareal.

Alternativ 2


Aktuell arealbruk på utfylt areal og landareal er næring. Aktuell arealbruk i sjø er hamneområde i sjø, tilsvarande tilgrensande reguleringsplan.

Alternativ 3


Aktuell arealbruk ved tilbakeføring til opphavelig situasjon er naturområde på land og naturområde i sjø. Aktuelle arealformål blir dermed tilnærma likt som i nullalternativet, men med den forskjellen at sjetéen blir fjerna.




Figur 22. Nullalternativet: Aktuell arealbruk er naturområde på land og i sjø, og molo for sjetéen.



Figur 23. Alternativ 1: Aktuell arealbruk er næring.



Figur 24. Alternativ 2: Aktuell arealbruk er næring og hamneområde i sjø.



Figur 25. Alternativ 3: Aktuell arealbruk ved tilbakeføring til opphavelig situasjon er naturområde på land og i sjø.

5 Utgreiingsbehov og plantema

Dette kapittelet omtalar aktuelle utgreiingstema, og gir ei vurdering av korleis dei blir vurdert i den vidare planprosessen. Det blir lagt vekt på at konsekvensutgreiinga skal avgrensast til tema som er avgjerdsrelevante.

Miljødirektoratet sin rettleiar M-1941 blir lagt til grunn for vurdering av avgjerdsrelevans for kvart tema. **Feil! Fant ikke referanseilden.** gir oversikt over korleis tema som blir vurdert som avgjerdsrelevant blir presentert i planforslaget. Det er skilt mellom tema som skal konsekvensutgreiast, og tema som skal omtalast og vurderast i planomtalen.

Metode

Konsekvensutgreiinga skal utførast med utgangspunkt i Forskrift om konsekvensutredninger FOR-2017-06-21-854 og Miljødirektoratet sin rettleiar M-1941. Konsekvensutgreiingane skal utførast av fagkyndig, med kompetanse og erfaring innanfor det aktuelle temaet.

Konsekvensar skal utgreiast for tre alternativ, og skal vurderast opp mot nullalternativet som referansesituasjon, jf. kapittel 4.

Ved vurdering av tiltaket sine verknader står følgjande tre omgrep sentralt:

Verdi: Med verdi er det meint ei vurdering av kor verdifullt eit område eller miljø er.

Påverknad: Med påverknad er det meint ei vurdering av korleis og i kva grad eit område blir påverka som følgje av et definert tiltak. Påverknad blir vurdert i forhold til referansesituasjonen.

Konsekvens: Konsekvens kjem fram ved samanstilling av området sin verdi og omfanget av påverknad. Konsekvensen er ei vurdering av om eit definert tiltak vil medføre betring eller forringing i eit område.

Dersom det er usikkerheit knytt til verdi eller påverknad som kan endre konsekvensvurderingane, skal dette omtalast i utgreiinga.

For kvart tema skal det dersom det er relevant omtalast avbøtande tiltak. Dvs. tiltak for å unngå, avgrense, istandsette og om nødvendig kompensere for vesentlege skadeverknadar for miljø og samfunn både i bygge- og driftsfasen. Dette skal delast inn på følgjande måte:

- Tiltak som er gjort for at alternativet skal unngå eller avgrense negative verknadar for aktuelt utgreiingstema
- Tiltak som kan innarbeidast i planforslaget for å unngå eller avgrense negative verknadar for aktuelt utgreiingstema
- Tiltak som myndigheiter kan følgje opp i seinare fasar for å unngå eller avgrense negative verknadar for aktuelt utgreiingstema

Dei samla verknadane av foreslått utbyggingsløyising skal vurderast opp mot målsettinga for tiltaket. Konsekvensutgreiinga vil utgjere eit kunnskapsgrunnlag for reguleringsplanen, og politisk vedtak og avklaring knytt til gjennomføring av tiltaket.

Influensområde

Utgreiinga blir avgrensa til dei områda som kan bli fysisk omfatta av tiltaket. Storleiken på tiltaket sitt influensområde vil variere for ulike tema, men vil for de fleste tema ha større utstrekning enn det definerte planområdet. Dei ulike influensområda skal illustrerast på kart.

Oppsummering av utgreiingstema

Tema	Kommentar	Konsekvens- utgreiing	Fagrapport	Tema berre i planomtalen
Naturmangfald	Utgreiing for naturmangfald på land og i sjø. Naturkartlegging.	x		
Vassmiljø	Konsekvensar for akvakulturanlegg inngår.	x		
Kulturmiljø	Synfaring	x		
Friluftsliv	Synfaring	x		
Landskap	Synfaring	x		
Støy	Krav til anleggsfase + støyyvurdering ved detaljregulering			x
Luftforureining				x
Grunnforureining				x
Klimagassutslepp	Krav til KU dersom over 2000 tonn CO2-ekv.	x		
Samfunnsmessige verknadar			x	
Områdestabilitet			x	
Bølgjepåverknad og havnivåstigning			x	
Trafikk			x	
Gange, sykkel og kollektiv				x
Folkehelse				x
Barn og unge				x
Universell utforming				x
Vatn og avløp				x
Risiko og sårbarheit			x	

Utgreiingstema

I det følgjande blir det gitt ei skildring av aktuelle utgreiingstema, og ei vurdering av korleis temaa blir behandla i den vidare planprosessen.

Naturmangfald

Naturmangfald	
Definisjon	Temaet naturmangfald er i M-1941 definert til å omfatte verneområde, naturtypar, artar, landskapsøkologiske samanhengar og geologisk mangfald.
Kunnskapsgrunnlag	Eksisterande kunnskapsgrunnlag baserer seg på tidigare rapportar, nasjonale portalar for stadfesta artsregistreringar (Artskart) og naturtyperegistreringar (Naturbase), kystrelaterte portalar, oversiktar over geologi-informasjon og fleire andre forvaltningsretta informasjonskanalar.
Utgreiingsbehov Naturkartlegging	<p>Det skal gjennomførast supplerande undersøkingar i form feltarbeid i vekstsesongen, i samsvar med krav etter M-1941-metodikken. Naturmangfald på land og i sjø innanfor plan- og influensområdet skal kartleggast.</p> <p>Kartlegginga på land skal omfatte kartlegging av naturtypar etter Miljødirektoratet sin instruks for NiN, samt registrering av raudlista og framande artar, og andre artar av forvaltningsrelevans. Kartlegging av vegetasjon skal skje i vekstsesong.</p> <p>I sjø skal det gjennomførast ei visuell kartlegging av marine naturtypar etter DN-handbok 19, raudlista naturtypar og ev. raudlista og framande artar. Kartleggingane skal gjennomførast av fagkyndig med kompetanse på artsgruppene som blir kartlagt.</p>
Metode	Utgreiing av naturmangfald skal utførast i samsvar med M-1941. Naturtypar skal kartleggast etter Miljødirektoratet sin instruks.
Dokumentasjon	Feltrapport KU-rapport Utdrag frå KU i planomtale

Vassmiljø

Vassmiljø	
Definisjon	Omgrepet vassmiljø slik det er skildra i M-1941 omfattar både økologisk/kjemisk tilstand etter Vannforskriften og naturmangfald (artar og naturtypar) i vatn. Dette utgreiingstemaet omfattar vurdering etter Vannforskriften. Naturmangfald i vatn inngår i temaet naturmangfald.
Kunnskapsgrunnlag	Eksisterande kunnskapsgrunnlag omfattar tidlegare utførte undersøkingar og offentlege databasar som Vann-nett, Vannmiljø, Kystinfo og Havforskningsinstituttets strømkatalog.
Utgreiingsbehov	Det skal gjerast greie for tiltaket sin verknad på vassførekomsten sin økologiske og kjemiske tilstand. Vurdering av konsekvensar for nærliggande akvakulturlokalitetar skal inngå. Basert på tiltaket si utforming og eksisterande datagrunnlag er det ikkje vurdert som nødvendig med supplerande feltarbeid for innhenting av informasjon. Utgreiinga vil derfor basere seg på eksisterande kunnskapsgrunnlag.
Metode	Utgreiing av vassmiljø skal utførast i samsvar med M-1941.
Dokumentasjon	KU-rapport Utdrag frå KU i planomtale

Kulturmiljø

Kulturmiljø	
Definisjon	Kulturminne er ifølgje kulturminnelova alle spor etter menneskeleg verksemd i vårt fysiske miljø, herunder lokalitetar det knyter seg historiske hendingar, tru eller tradisjon til. Omgrepet kulturmiljø omfattar område der kulturminne inngår som del av ein større heilskap eller samanheng.
Kunnskapsgrunnlag	Eksisterande kunnskapsgrunnlag omfattar fagrappport etter arkeologisk undersøking i planområdet hausten 2024, riksantikvarens kartdatabase Askeladden og andre relevante historiske databasar, lokalhistorisk litteratur, synfaring og dialog med kulturminnemyndigheiter.
Utgreiingsbehov	Utgreiinga skal ta utgangspunkt i kulturhistoriske verdiar i planen sitt influensområde, og vurdere om alternativa vil redusere eller styrke verdien av desse. Supplerande informasjon blir henta inn gjennom synfaring . Synfaring og utgreiing skal gjennomførast av fagkyndig med kompetanse på kulturmiljø.
Metode	Utgreiing av kulturmiljø skal utførast i samsvar med M-1941.
Dokumentasjon	KU-rapport Utdrag frå KU i planomtale

Friluftsliv

Friluftsliv	
Definisjon	Friluftsliv er definert som opphald og fysisk aktivitet i friluft i fritida, med sikte på miljøforandring og naturopplevingar. Fagtemaet friluftsliv og nærmiljø omfattar alle område som verkar inn på allmennheita sine moglegheiter til å drive friluftsliv som helsefremjande og trivselsskapande aktivitet i nærmiljøet, og i naturen elles.
Kunnskapsgrunnlag	Kunnskapsgrunnlag blir henta inn frå relevante databasar, planar og utgreiingar..
Utgreiingsbehov	Utgreiinga skal ta utgangspunkt i verdiar knytt til friluftsliv i plan- og influensområdet, og vurdere om alternativa vil redusere eller styrke verdien av desse. Dette inkluderer vurdering av verknadar knytt til lukt, støy og ferdselsrestriksjonar i anleggsfasen. Supplerande informasjon blir henta inn gjennom synfaring og kontakt med lokale og regionale myndigheiter og interesseorganisasjonar. Synfaring og utgreiing skal gjennomførast av fagkyndig
Metode	Utgreiinga skal utførast i samsvar med M-1941.
Dokumentasjon	KU-rapport Utdrag frå KU i planomtale

Landskap

Landskap	
Definisjon	Temaet omhandlar dei visuelle kvalitetane i omgivnadane, og korleis landskapet blir opplevd som fysisk form. Temaet omfattar både natur og bygde omgivningar, og heilskapen av desse. Fagtema landskap har grensesnitt mot kulturmiljø og friluftsliv. Landskap skal kun skildre heilskap, visuell karakter og overordna struktur.
Kunnskapsgrunnlag	Kunnskapsgrunnlag blir henta inn frå databasar som Miljødirektoratet sin Naturbase, NiN landskap og relevante planar og utgreiingar.
Utgreiingsbehov	Utgreiinga skal ta utgangspunkt i landskapskvalitetar i planen sitt influensområde, og vurdere om alternativa vil redusere eller styrke dei visuelle kvalitetane i området. Supplerande informasjon blir henta inn gjennom synfaring Synfaring og utgreiing skal gjennomførast av fagkyndig med landskapsfagleg kompetanse.
Metode	Utgreiing av landskap skal utførast i samsvar med M-1941.
Dokumentasjon	KU-rapport Utdrag frå KU i planomtale

Klimagassutslepp

Klimagassutslepp er i følge M-1941 aktuelt utgreiingstema dersom det er grunn til å tru at planen eller tiltaket fører til auke i klimagassutslepp på over 2 000 tonn CO₂-ekvivalentar. Klimagassutslepp over grenseverdien for det planlagde tiltaket kan ikkje utelukkast. Temaet skal derfor konsekvensutgreiast.

Klimagassutslepp	
Kunnskapsgrunnlag	Kunnskapsgrunnlag blir henta frå databasar og kartgrunnlag.
Utgreiingsbehov	Det skal vurderast og dokumenterast kva klimagassutslepp det planlagde tiltaket kan føre, til og kva for konsekvensar dette vil ha. Utgreiingane skal gjennomførast for nullalternativet og dei tre alternativa.
Metode	Utgreiinga skal utførast i samsvar med rettleiaren M-1941.
Dokumentasjon	KU-rapport i samsvar med M-1941 Utdrag frå KU-rapport i planomtale

Tema det blir utarbeidd fagrapportar for

Samfunnsmessige verknadar – lokal og regional utvikling

Samfunnsmessige verknadar er ikkje eit tema som inngår i utgreiingar etter metoden til M-1941. Temaet er likevel vurdert å vere avgjerdsrelevant, og det blir derfor utarbeidd ein fagrapport om temaet, i samsvar med skildringa under.

Det skal gjennomførast ei vurdering av verknadane ved dei ulike alternativa, samanlikna med nullalternativet for følgjande forhold:

- Økonomiske forhold – kostnadar og inntektspotensiale.
- Olmannsvika sin funksjon som del av Gjøvsund hamn.
- Verknadar for næringsutvikling og sysselsetting i kommunen og regionen.
Arealbehov.

Konsekvensar skal sjåast opp mot kommunen sine mål for Gjøvsundområdet, som omtalt i kapittel 1.

Områdestabilitet

Det er tidlegare utført grunnundersøkingar innanfor det aktuelle planområdet. Det er registrert eit topplag med laust lagra massar over svært faste massar. Djupne til svært faste massar varierer mellom 0,2 og 2,8 m. Basert på grunnundersøkingane er det ikkje vurdert fare for områdeskred, men lokalstabilitet av fyllinga må vurderast.

Krava i NVE sin kvikkleirerettleiar 1/2019 vil bli svart ut. Her går det fram at det alltid skal utførast vurdering av stabilitet ved utfylling i sjø. Geoteknisk arbeid i samband med planen

vil omfatte av stabilitetsvurdering av utfylling for dei ulike alternativa, basert på dei utførte grunnundersøkingane.

Bølgjepåverknad og havnivåstigning

Olmannsvika er eksponert for både vindbølger og havdønningar. Som ein del av planarbeidet vil det bli utført ei vurdering av risiko for påverknad av stormflo, havnivåstigning og bølger i samsvar med TEK 17 § 7-2. Samtidig påverknad av stormflo og høge bølger er aktuelt for lokasjonen, og vil bli vurdert. Behov for eventuelle avbøtande tiltak vil bli vurdert og omtalt.

For alternativ der heile eller delar av Olmannsvika ikkje skal fyllast ut, vil det vere behov for straumingsanalyser som underlag for å vurdere vassutskifting og vasskvalitet inne i bukta.

Trafikk

Det vil bli tatt utgangspunkt i at eksisterande kryss ved rv. 658 blir nytta som tilkomst til planområdet, og det vil bli gjennomført ei vurdering av konsekvensane av framtidig trafikkvekst knytt til planområdet. Forhold for mjuke trafikantar vil bli vurdert, herunder trygge og effektive gang- og sykkelvegsamband, samt forhold for å reise kollektivt til arbeidsplassane.

Tema der verknadar av regulert alternativ vil framkomme av planomtale

Støy

Støy inngår som utgreiingstema i M-1941. I følge rettleiaren skal støy konsekvensutgreiast dersom det blir planlagt støyfølsam bebyggelse eller støyande anlegg og verksemd som omtalt i T-1442 "Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging".

Det er ikkje lagt opp til at denne områdereguleringsplanen skal avklare kva type anlegg og verksemd som skal kunne etablerast innanfor planområdet. Det skal avklarast i ei seinare detaljregulering. Det vil i føresegnene til områdeplanen bli stilt krav om detaljregulering før utbygging, samt at det skal gjennomførast krav om støyvurdering etter T-1442 som ein del av detaljreguleringa.

Vurdering av anleggsstøy vil inngå som ein del av områdeplanen, og aktuelle avbøtande tiltak vil bli innarbeidd i føresegnene.

Luftforureining

I følge M-1941 er luftforureining aktuelt utgreiingstema dersom det blir planlagt utbygging i område med luftforureining, eller dersom det blir planlagt utbygging av anlegg eller verksemder med utslepp som kan gi auka luftforureining. Dette er omtalt i T-1520, Retningslinje for luftforureining i arealplanleggingen.

Type anlegg og verksemd som skal kunne etablerast innanfor planområdet skal avklarast i ei seinare detaljregulering. Det vil i føresegnene til områdeplanen bli stilt krav om detaljregulering før utbygging, samt at krava i T-1520 skal ivaretakast ved detaljregulering.

Luftforureining i anleggsfasen vil bli vurdert i planomtalen, og eventuelle avbøtande tiltak vil bli innarbeidd i føresegnene.

Grunnforureining

I samband med den miljøtekniske sedimentundersøkinga som blei gjennomført i Olmannsvika i 2020, blei det funne forureining i 1 av 9 prøvepunkt. Dei andre prøvepunktta var utan forureining.

I Miljødirektoratet sin database over grunnforureining er det registrert eit tidlegare kommunalt avfallsdeponi med grunnforureining på Gjøsdneset, der ein mindre del grensar mot planområdet. Området er klassifisert med akseptabel tilstand med dagens bruk.

I rettleiaren M-1941 framgår det at forureina grunn vanlegvis blir handtert i samband med byggesak. Forureina grunn skal konsekvensutgreiast i dei tilfella der forureininga så krevjande å handtere at det er behov for å avklare om forureiningssituasjonen kan handterast på ein akseptabel måte, eller om det er så store tekniske utfordringar at det ikkje er realistisk å rydde opp til eit akseptabelt nivå av restforureining. Det er ikkje sannsynleg at dette er tilfelle her, og temaet blir derfor ikkje konsekvensutgreidd.

Folkehelse

Det vil i planomtalen bli vurdert korleis det planlagte tiltaket vil påverke rammer for helse og livskvalitet, i samsvar med kravene i folkehelselova og plan- og bygningslova.

Barns og unges interesser

Planbeskrivelsen vil gjere greie for korleis krava i rikspolitiske retningslinjer for å styrke barn- og unges interesser i planlegging er ivaretatt.

Universell utforming

Universell utforming vil bli forankra i planen, i samsvar med TEK17.

Teknisk infrastruktur

Løysingar for avløp og overvatn vil bli omtalt på overordna nivå.

Samfunnssikkerheit – risiko og sårbarheit

Samfunnssikkerheita skal vurderast gjennom ei eiga risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS), som tilfredsstillar krava i plan- og bygningslova. Den skal vise alle risiko- og sårbarheitsforhold som har innverknad på om arealet er eigna til utbyggingsføremål, og eventuelle endringar i slike forhold som følgje av det planlagde tiltaket.

Område med fare, risiko eller sårbarheit skal takast inn i plandokumenta, og merkast som omsynssone. I ROS-analysen skal det kome fram sannsynet for at ei hending kan inntreffe, og konsekvensane av dette. Analysen vert gjennomført i samsvar med Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskaps sin rettleiar *Samfunnssikkerhet i kommunens arealplanlegging* (2017).

6 Vidare framdrift og medverknad

Saksgang

Etter oppstartsvarsel og høyring av planprogram vart saka gjennomgått i regionalt planforum 18.10.2023, der regionale og statlege myndigheiter ga innspel til revisjon av planprogrammet og vidare planprosess.

Etter høyring av planprogrammet har høyringsinnspel blitt gjennomgått, og justeringar av planprogrammet er innarbeidd. Ettersom det har gått lang tid sidan planen var varsla og planprogram blei sendt på høyring, blir det reviderte planprogrammet sendt på høyring på nytt, før det blir lagt fram for politisk fastsetting i teknisk utval.

Konsekvensutgreiing blir utarbeidd på grunnlag av det fastsette planprogrammet. Når ei samla konsekvensutgreiing ligg føre, med samanstilling av alle tema, vil den bli lagt fram for politisk drøfting av kva alternativ det skal utarbeidast plandokument for.

Eit konkret planforslag for det tilrådde alternativet blir deretter utarbeidd. Planforslaget vil omfatte plankart, planomtale, føresegnar og ROS-analyse. Konsekvensutredningane blir lagt ved som kunnskapsgrunnlag, og eit samandrag av kvart tema, samt samanstilling med avveging, blir innarbeidd i planomtalen. Planforslaget blir lagt fram for politisk behandling i teknisk utval (1. gongs behandling).

Planforslaget med konsekvensutgreiing blir deretter lagt ut til offentleg ettersyn i minimum 6 veker. Etter offentleg ettersyn blir høyringsinnspel vurdert, og aktuelle endringar av planen vil bli innarbeidd. Dersom endringane ikkje er for store går planen deretter til sluttbehandling i kommunen (2. gongs behandling), i teknisk utval og deretter i kommunestyret.

Framdrift

Kommunen varsla planoppstart og la forslag til planprogram ut på høyring juni 2022. Det kom inn 9 innspel til planoppstart og planprogram. Ekstern plankonsulent blei engasjert i desember 2024, og vidare framdrift er planlagt slik:

Fastsetting av planprogram	mai 2025
Fagutgreiingar (utanom naturmiljø og naturmangfald)	mars - juni 2025
Naturmiljø og naturmangfald (kartlegging i vekstperiode)	juni – sept 2025
Samanstilling av KU, førebuing av politisk drøfting	sept – okt 2025

Politisk drøfting - kva alternativ skal leggst til grunn	oktober 2025
Produksjon av plandokument	okt – nov 2025
Kommunal saksbehandling og politisk vedtak	november 2025
Offentleg ettersyn av planforslag og KU	des 2025– jan 2026
Vurdering av merknadar	jan – febr 2026
Omarbeiding av planforslag, ev. supplering kunnskapsgrunnlag	febr – mars 2026
Kommunal saksbehandling og politisk vedtak i teknisk utval	mars – april 2026
Godkjenning i kommunestyret	april 2026

Medverknad

Vidare medverknad og samarbeid med interessentar blir lagt opp i samsvar med krava i plan- og bygningslova og forskrift om konsekvensutgreiing. Offentlege myndigheiter, naboar, grunneigarar og organisasjonar blir varsla direkte om høyringar.

Det blir lagt opp til ope informasjons- og dialogmøte med naboar og aktuelle interessentar og partar undervegs i prosessen. Særmøte med interesserte og råka partar blir gjennomført ved behov, og førespurnader knytt til planarbeidet vil bli svart ut fortløpande.